

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Stord hotel
Dato: 29.08.2017
Tidspunkt: 11:00 – 12.15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Inge Reidar Kallevåg	Leiar	H
Kristian Helland	Nestleiar	FL KRF/SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Åse Gunn Husebø	Medlem	A
Sara Økland	Medlem	H
Terje Kollbotn	Medlem	R

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Elsa Benjaminsen	Åse Gunn Husebø	A
Magne Ivar Fauskanger	Sara Økland	FRP
Frank Mo	Terje Kollbotn	R

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Line Margrete Johansen	Forvaltningsrevisor, Deloitte
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Hordaland fylkeskommune
Roald Breistein	Seniorrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Inge Reidar Kallevåg
utvalsleiarHogne Haktorson
kontrollsjefRoald Breistein
seniorrådgjevar*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift*

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 78/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 79/17	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 80/17	Budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet i 2017	2015/12601	
PS 81/17	Forvaltningsrevisjon innan identifisering og oppfølging av elevar og lærlingar i faresonen for fråfall - Forslag til prosjektplan	2017/13387	
PS 82/17	Forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit - Forslag til prosjektplan	2017/13386	
PS 83/17	Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/11221	
PS 84/17	Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2 - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/1940	
PS 85/17	Selskapskontroll av Bybanen AS - Status i høve tilsyn frå Jernbanetilsynet mv.	2016/11222	
PS 86/17	Bestilling av selskapskontroll	2015/11183	
PS 87/17	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon skuleskys	2015/8848	
PS 88/17	Rekneskapsresultat hittil i 2017 for kontrollutvalet	2016/4239	
PS 89/17	Gjennomgang av møteprotokollar	2015/11023	
PS 90/17	Referatsaker		
RS 32/17	Varslingsutvalet - årsrapport 2016	2016/2330	
RS 33/17	Varslingsutvalet - Årsrapport 2016	2016/2330	
RS 34/17	Invitasjon til samling med fylkesrevisorar og representantar for fylkeskommunene sendt fra Statens vegvesen	2017/8528	
RS 35/17	Svar på oversendingsforslag vedk. NDLA	2017/3492	
RS 36/17	Større saker til politisk behandling 2. halvår 2017	2015/10845	
RS 37/17	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. juni 2017	2015/10348	
RS 38/17	Vedtak i TING 13.6.17 Forvaltningsrevisjon minoritetsspråklege elevar	2016/9440	
RS 39/17	Vedtak i TING 13.6.17 Selskapskontroll Hordaland Teater	2016/9439	
RS 40/17	Vedtak i TING 13.6.17 Årsmelding for kontrollutvalet 2016	2017/2535	
RS 41/17	Vedtak i TING 13.6.17 Godkjenning av årsrekneskap 2016	2016/4239	
RS 42/17	Generalforsamlingar 2017 - eigarrepresentasjon frå Hordaland fylkeskommune	2016/2284	
RS 43/17	Skatteinngangen pr. juli 2017	2015/12603	
PS 91/17	Eventuelt		

PS 78/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.08.2017

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

PS 79/17 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.08.2017

Vedtak

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 15.06.2017 vart samrøystes vedteke.

PS 80/17 Budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet i 2017

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettframlegga for 2018 slik dei ligg føre.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.08.2017

Handsaming i møtet

Kontrollsjef Hogne Haktorson presenterte forslag til budsjett for 2018 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart semje om å redusere konto 12780 Kjøpte tenester i budsjettet for kontrollutvalet (110200) med kr. 50 000 slik at endeleg sum vert kr. 450 000.

Med denne endringa vart budsjettforslaga samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettframlegga for 2018 inkludert endring i konto 12780 som kom fram i møtet.

PS 81/17 Forvaltningsrevisjon innan identifisering og oppfølging av elevar og lærlingar i faresonen for fråfall - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 11.09.2017.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mars 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.08.2017

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen presenterte forslag til forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet kom med nokre innspel til endring/tillegg i prosjektplanen. Vidare ønskjer utvalet at tal skular det skal gjennomførast intervju på vert auka noko, t.d. 6-8 skular totalt.

På bakgrunn av det som kom fram i møtet vert Deloitte beden om å levere justert forslag til prosjektplan innan 09.10.2017 som skal handsamast i møte i kontrollutvalet 30.10.17.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

På bakgrunn av det som kom fram i møtet vert Deloitte beden om å levere justert forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring innan 09.10.2017. Prosjektplanen skal handsamast i møte i kontrollutvalet 30.10.17.

PS 82/17 Forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 11.09.2017.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 28.02.2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.08.2017

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen presenterte forslag til forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til prosjektplan vart samrøystes vedteke. Punkt 2 i forslag til vedtak går difor ut.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan arkiv og offentlegheit frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
4. Det er ønskjeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 28.02.2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

PS 83/17 Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

1. Forvaltningsrevisjonsrapport innan planlegging av investeringsprosjekt vert å levere sekretariatet innan slik at den handsamast i møte i kontrollutvalet
2. Informasjonen vart elles teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.08.2017

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisjonsrapport vert å levere sekretariatet innan 16.10.2017 kl. 9.00.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Forvaltningsrevisjonsrapport innan planlegging av investeringsprosjekt vert å levere sekretariatet innan 16.10.2017 kl. 9.00 slik at den kan handsamast i møte i kontrollutvalet 30.10.2017.
2. Informasjonen vart elles teken til orientering.

PS 84/17 Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2 - Status i arbeidet ved Deloitte

Forslag til vedtak

1. Forvaltningsrevisjonsrapport innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2 vert å levere sekretariatet innan slik at den handsamast i møte i kontrollutvalet
2. Informasjonen vart elles teken til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.08.2017

Handsaming i møtet

Forvaltningsrevisor Line Margrete Johansen orienterte om status i høve forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisjonsrapport vert å levere sekretariatet innan 09.10.2017 kl. 9.00.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Forvaltningsrevisjonsrapport innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2 vert å levere sekretariatet innan 09.10.2017 kl. 9.00 slik at den kan handsamast i møte i kontrollutvalet 30.10.2017.
2. Informasjonen vart elles teken til orientering.

PS 85/17 Selskapskontroll av Bybanen AS - Status i høve tilsyn frå Jernbanetilsynet mv.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek å utsetje selskapskontroll av Bybanen AS til hausten 2018, når ny organisering har fått virke ei tid.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.08.2017

Handsaming i møtet

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek å utsetje selskapskontroll av Bybanen AS til hausten 2018, når ny organisering har fått virke ei tid.

PS 86/17 Bestilling av selskapskontroll

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønsker at det vert gjennomført selskapskontroll av
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 4.9.2017 og skal godkjennast i neste ordinære møte i kontrollutvalet.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.08.2017

Handsaming i møtet

Kontrollutvalet ønsker at det vert gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS. Utvalet ber sekretariatet om å spørje kontrollutvalet i Bergen kommune om dei ønsker å delta i ein slik selskapskontroll før Deloitte vert beden om å lage forslag til prosjektplan.

Føremål:

Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Grieghallen IKS. Vidare er føremålet med selskapskontrollen å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk, samt etablert ei organisering som sikrar ei god og effektiv drift.

Problemstillingar:

Problemstillingar knytt til fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning:

1. I kva grad har Hordaland fylkeskommune etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, samt egne vedtak og rutinar?
 - a. I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?
 - b. Korleis har Hordaland fylkeskommune følgd opp selskapet, under dette mål og krav som eigarane har etablert for selskapet?

Problemstillingar knytt til drifta i selskapet:

2. I kva grad driv Grieghallen IKS si verksemd i samsvar med sitt vedtektsfesta føremål og andre sentrale mål som eigarane har sett for selskapet?
3. I kva grad er det etablert system og rutinar som sikrar at lovverket sine krav til god selskapsleiing blir etterlevd?
4. I kva grad har selskapet etablert ei føremålstenleg organisering og god internkontroll som omfattar:
 - a. Kontrollmiljø (organisering, leiing, ansvarsdeling, samhandling)
 - b. Risikovurderingar (mål, risikovurderingar og risikoreducerande tiltak)
 - c. Kontrollaktivitetar (system og rutinar for kritiske prosessar)
 - d. Kommunikasjon og informasjon i verksemda
 - e. Leiinga si oppfølging (oppfølging av drifta i selskapet)

Problemstillingar knytt til tilskot

5. Kva krav har Hordaland fylkeskommune sett krav i høve garanti som er gjeve til selskapet?

Etter dette vart slikt forslag til vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønsker at det vert gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS.
2. Før prosjektplan vert bestilt frå Deloitte, vert sekretariatet beden om å spørje kontrollutvalet i Bergen kommune om dei ønsker å delta i ein slik selskapskontroll.

PS 87/17 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon skuleskyss

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon skuleskyss i Hordaland fylkeskommune er komme noko lenger enn ved forrige rapportering, men at det framleis gjenstår ein del arbeid før alle punkt er ferdig gjennomført.
2. På bakgrunn av at dette ber kontrollutvalet om å få ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 27.11.2017.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.08.2017

Handsaming i møtet

Kontrollutvalet ønskjer at ny tilbakemelding vert send sekretariatet innan 15.11.2017 slik at det kan handsamast i møte i utvalet 29.11.2017.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon skuleskyss i Hordaland fylkeskommune er komme noko lenger enn ved forrige rapportering, men at det framleis gjenstår ein del arbeid før alle punkt er ferdig gjennomført.
2. På bakgrunn av at dette ber kontrollutvalet om å få ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 15.11.2017.

PS 88/17 Rekneskapsresultat hittil i 2017 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2017 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.08.2017

Handsaming i møtet

Kontrollsjefen orienterte munnleg om rekneskapsresultatet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Rekneskapsresultatet hittil i 2017 for kontrollutvalet, ekstern revisor og sekretariat for kontrollutvalet vert teke til orientering.

PS 89/17 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.08.2017

Handsaming i møtet

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- | | |
|--|----------------------|
| • Fylkestinget | 13. – 14.06.2017 |
| • Fylkesutvalet | 13.06. og 23.05.2017 |
| • Utval for kultur, idrett og regional utvikling | 20.06.2017 |
| • Utval for opplæring og helse | 07.06.2017 |
| • Utval for miljø og samferdsel | 08.06.2017 |

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 90/17 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.08.2017

Handsaming i møtet

RS 38/17 Vedtak i TING 13.6.17 Forvaltningsrevisjon minoritetsspråklege elevar

I fylkestinget 13.06.17 vart det i sak PS 34/17 m.a. vedteke oversendt slikt oversendingsforslag:

«Kontrollutvalet bes gjennomføre en forvaltningsrevisjon av hvordan Hordaland fylkeskommune etterlever barnekonvensjonen.»

Kontrollutvalet vart samde om å vurdere ein eventuell forvaltningsrevisjon av korleis Hordaland fylkeskommune etterlever barnekonvensjonen i samband med evaluering av plan for forvaltningsrevisjon som etter planen skal gjennomførast vinter/vår 2018. Sekretariatet vert beden om å sende eit notat til fylkestinget i tråd med dette.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vil vurdere ein eventuell forvaltningsrevisjon av korleis Hordaland fylkeskommune etterlever barnekonvensjonen i samband med evaluering av plan for forvaltningsrevisjon som etter planen skal gjennomførast vinter/vår 2018.
2. Referatsakene vart elles tekne til orientering.

PS 91/17 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 29.08.2017

Handsaming i møtet

Dette møtet vart kombinert med at kontrollutvalet hadde samtalar med ordførar og rådmann i Bømlo kommune. Vidare vart det lagt inn orientering/omvising på Bømlo kulturhus, Rubbestadneset vgs, Moster amfi og Sunnhordland Museum

Leiar i kontrollutvalet har fått ei henvending frå gruppeleiar i Høgre om fordeling av representasjon på generalforsamlingar, jf. RS 42/17. Dette vert send sekretariatet etter møtet og lagt som sak i neste møte.

Sekretariatet føreslår å kutte ut møte 25.09.2017. Kontrollutvalet slutte seg til dette.

Sekretariatet orienterte også om at det kan verta eit ekstra møte saman med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune 21.11.2017 på Leikanger i Sogn.

Kontrollsjefen orienterte om planlagt folkevaldopplæring 15. – 16.01.2017 i Molde for kontrollutvala i dei fire fylkeskommunane på Vestlandet.

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.3 når kontrollsjefen orienterte om ei pågåande sak.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Sekretariatet vert beden om å førebu ei sak til neste møte i høve henvending frå gruppeleiar i Høgre om fordeling av representasjon på generalforsamlingar.
2. Kontrollutvalet vart samde om at møte i utvalet som var planlagt til 25.09.2017 går ut.